



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/4239 - 16/550

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
08.01.2016

## Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 139/7 Tveiten nedre


Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av kai.

Det har tidlegare vert søkt om byggeløyve for kai på ca. 11 x 3,5 meter og gangveg på 5,5 meter. Etter administrasjonen si vurdering den gongen ville ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter (kai og gangveg) langs sjøen i dette området verke dominante i landskapet, og vil verte svært synleg både frå sjø og land. Vidare var vurderinga at ein trekonstruksjon er dårlig tilpassa dei naturlege omgjevnadane, som er berg og naturleg vegetasjon.


Plan- og miljøutvalet avslø i møte den 22.05.2013 søknaden om å få byggja ein ny, lengre kai, men gav dispensasjon til utbetring av eksistante kai som kunne utvidast til max 8 m under føresetnad at kaien vart tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaket vart tilpassa naturen omkring.

Det er nå søkt om dispensasjon og byggeløyve for kai på ca. 8 x 3,5 meter. I søknaden er det og vist gangveg på 8,5 meter. Utstrekninga er den same som tidlegare.

### Tidlegare avslått kai og gangveg



### Omsøkt kai og gangveg



### Planstatus



Eigedommen ligg innafør kommunedelplan for Knarvik- Alversund. Eigedommen ligg i LNF- område, der landbruk er dominerande. Arealet i sjø er vannareal for alment friluftsliv.

## VURDERING


### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon «for endra kailøysing». Slik vi tolkar søknaden vert det søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8.


Omsøkte tiltak vil gje ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter i strandsona. Tiltaket vil verte svært synleg og dominerande i strandsona, og vil føra til ein vesentleg endring av det eksisterande landskapet. Etter administrasjonen si vurdering vil det vera viktig å bevare strandsona slik ho no er, og hindre at ytterlegare inngrep skjer.

Kommunen kan ikkje sjå at at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Det er ikkje sendt inne revidert situasjonsplan. Situasjonsplanen under er den same som er handsama i tidlegare søknad.



Digitalt Plankart og situasjonskart i fargar



Flyfoto



Tiltakshavar sin søknad er vedlagt saka.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Fullmakt

Søknad om endring av gitt løyve

Teikningar

**Kopi til:**

Kåre Jordal

**Mottakarar:**

Bergen og omland havnevesen  
Fylkesmannen i Hordaland  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 6040      5892  
Postboks 7310      5020  
Postboks 7900      5020

BERGEN  
Bergen  
BERGEN